

# HPV-vaksine til unge kvinner fødd 1991 og seinare

Alle kvinner fødd 1991 og seinare får **frå november 2016** tilbod om gratis vaksine mot humant papillomavirus (HPV-vaksine).

HPV-vaksine førebyggjer livmorhalskreft og forstadium til livmorhalskreft forårsaka av HPV-infeksjon. Vaksinen kan også førebyggja andre HPV-relaterte krefttypar som kreft i endetarm og Skjede. Meir informasjon:

Om humant papillomvirus:

<https://www.fhi.no/sv/vaksine/hpv/hpv/>

Om HPV-vaksine:

<https://www.fhi.no/sv/vaksine/hpv/hpv/>

Vaksinasjonen er tre vaksinedosar gitt i løpet av 6-12 månedar. Tilbodet vil gjelda i ei tidsramme på to år, siste frist for oppstart er utgangen av 2018.

Tilbodet vil bli organisert via kommunane, og informasjon om den praktiske gjennomføringa lokalt er tilgjengelig under. Vaksinasjonen startar 1. november 2016.

(Tilbudet om gratis HPV-vaksine omfattar ikkje kvinner fødde før 1991. Ordninga har ikkje tilbakeverkande kraft, og kvinner som har betalt for HPV-vaksine får ikkje refundert utgifter til vaksine og vaksinasjon.)

I kommunen vår: Kontakt helsesøster eller kommunelegekontoret for avtale om vaksinasjon.

Tlf helsestasjon: **40403875**

Tlf kommunelegekontor: **40403879**

